

# FRIVILLIG- INFORMASJON



I dette heftet finn du informasjon om:

<b>RETNINGSLINJER</b>	<b>FRAMMØTE</b>	<b>OMRÅDEKART</b>
<b>FRIVILLIGTELLET</b>	<b>KONTAKTINFO</b>	<b>FRIVILLIG-GODAR</b>
<b>ARMBAND</b>	<b>OPNINGSTIDER</b>	<b>PARKERING</b>
<b>ARBEIDSANTREKK</b>	<b>ID-KORT</b>	<b>GARDEROBE</b>
<b>T-SKJORTE</b>	<b>TRYGGLEIK</b>	<b>FØRSTEHJELP</b>
<b>HØYRSELSVERN</b>	<b>AVFALL</b>	<b>CAMP</b>
<b>TRANSPORT</b>	<b>MAT OG DRIKKE</b>	<b>ALDERSGRENSER</b>
<b>IKKJE TILLATE</b>	<b>HITTEGODS</b>	<b>PROGRAM</b>

# KJÆRE FRIVILLIG:

## Vel møtt til Malakoff 2022!




### Generelle retningslinjer for frivillige:

Som frivillige er vi ein del av sjølve hjartet i Malakoff. Saman lagar vi gode opplevingar, relasjonar og minne for alle som er involverte, både medarbeidarar, samarbeidspartar og publikum. Vi tek godt vare på oss sjølve, kvarandre og på arenaen.


- Vi er **blide, høflege** og **imøtekomande** mot alle, vi er **vertar** og **ambassadørar** for Malakoff
- Vi er alltid **edru og rusfri** på jobb for Malakoff
- Vi blir **registrerte** før vi byrjar på vakt
- Vi gjer **oppgåvene** vi blir sette til og følgjer **instruksane** vi får
- Vi går med **ID-kort og vaktvest** når vi er på vakt
- Vi **svarer** på spørsmål når vi kan, eller viser til infokanalar som [www.malakoff.no](http://www.malakoff.no)
- Vi ber om **hjelp** viss noko er vanskeleg, og vi **hjelper** kvarandre
- Vi avtaler med næraste overordna eller kollega når vi tar **pause** og mat/drikke i frivilligteltet. Vi blir ikkje sitjande for lenge, festivalen treng oss.
- Vi har eit felles ansvar for at det er **reint, ryddig og triveleg** på Malakoff. Ser du avfall på bakken, plukk det opp og kast det på rett stad. Avfallspunkt er lett tilgjengelege ved inngangsparti, toalett og elles på stasjonane.
- Vi veit at **Røde Kors** er stasjonert i Valhall
- Vi startar slækking og melder frå til overordna viss det oppstår **brann**
- Vi melder eventuelle **avvik** til næraste overordna
- Vi **seier frå** til vår kontaktperson når vi går av vakt, og **leverer frå oss** ID-kort og vaktvest/forkle
- Vi brukar festivalinngangen og oppheld oss ikkje i frivilligområdet **når vi ikkje har vakt**
- Vi får **faktura** på billetten viss vi har henta ut billettarmband og ikkje møter til avtalt vaktid

### Hjarteleg TAKK for at DU er Malakoff-frivillig!

## FRAMMØTE:

 **Tidspunkt:** Møt i god tid, ca 15 min før avtalt vakttid. Slik kan vi kome i gang med informasjon og opplæring til rett tid, og alle skal også registrerast, få ID-kort og arbeidsantrekk.

**Frammøtestad:** FRIVILLIGTELLET - eige telt merka FRIVILLIG/AKKREDITERING, rett ved sidan av hovudinngangen til festivalområdet. Nokre frivilligrupper skal møte direkte på stasjonen, desse får beskjed om det enten direkte eller via laget sitt.



### I frivilligteltet finn du:

- **Mottak/skranke:** Her blir du møtt av ein hyggeleg gjeng, som kan svare på det meste
- **Mat/pause:** Frivillige som er på vakt, har tilgang på pauserom med mat og drikke, i serveringsdelen av frivilligteltet. Tidspunkt er avhengig av rulling innfor di oppgåve. Hugs å rydde opp etter deg når du er ferdig med pausen.
- **Baseområde:** Teltet har også to baseområde, for frivillig-gruppene **miljøvakt** og **bar + mat/kiosk** (servering). På basestasjonen din er det gjennomgang av rutinar før vaktskifte, du blir registrert og du får utdelt arbeidstøy og ID-kort. Du kan også bruke baseområdet som garderobe medan du er på vakt.

**Opningstider frivilligmottaket:** kl 1000-0130 torsdag, fredag og laurdag

**Om du vil inn på konsertområdet før du skal på vakt,** hentar du billettarmband i skranken i FRIVILLIG/AKKREDITERING, slik at du får tilgang til festivalområdet. Bruk publikumsinngangen når du ikkje har vakt. Personalinngangen skal berre brukast når du er på vakt og dermed går i arbeidsantrekk og har ID-kort.

## → INFORMASJON OG KONTAKT

[www.malakoff.no/frivillig](http://www.malakoff.no/frivillig)

[www.facebook.com/frivilligmalakoff](https://www.facebook.com/frivilligmalakoff)

Du får tekstmelding frå oss før festivalen, med vakttid(ene) som gjeld di(ne) vakt(er). Er du registrert med fleire vakter, vil du få fleire meldingar. Hugs å lese og sjekke alle. Det er viktig at du gir beskjed omgåande om du ikkje kan møte som avtalt!

**Kontakt oss gjerne** om du har spørsmål eller innspel!

Tekstmelding til 468 777 63

E-post [frivillig@malakoff.no](mailto:frivillig@malakoff.no)

Facebook-melding til [www.facebook.com/frivilligmalakoff](https://www.facebook.com/frivilligmalakoff)

Under festivalen kontaktar du din næraste arbeidsleiar, eller skranken i FRIVILLIG/AKKR.

## FRIVILLIG-GODAR:

- **Malakoff-t-skjorte**, som er ei gåve til deg. Du kan gjerne bruke andre kle som arbeidsantrekk når du jobbar.
- **Mat og drikke** når du er på vakt
- **Hyggelege arbeidskollegaer, god musikk og eit fantastisk festivalminne!**
- **Gratis tilgang til konsertområdet:**

### Barpersonell:

- Har du ei vakt får du tilgang til konsertområdet utanom vaktida den dagen
- Har du vakt ein heil dag får du tilgang til konsertområdet ein valfri dag  
Vakttider tor & fre: 1. skift kl 1600-2100, 2. skift 2030-0100, heildag kl 1600-0100  
Vakttider lau: 1. skift kl 1430-2100, 2. skift kl 2030-0100, heildag kl 1600-0100

### Miljøvakter:

- Har du ei vakt får du tilgang til konsertområdet utanom vaktida den dagen
- Har du vakt ein heil dag får du tilgang til konsertområdet ein valfri dag  
Vakttider tor & fre: 1. skift kl 1530-2130, 2. skift 2030-0130, heildag kl 1530-0130  
Vakttider lau: 1. skift kl 1430-2130, 2. skift 2030-0130, heildag kl 1430-0130

### Mat/kiosk:

- Har du ei vakt får du tilgang til konsertområdet ein valfri dag  
Vakttid torsdag, fredag og laurdag: kl 1830–0100

### Miljøvakt ung 14-17:

- Har du ei vakt får du tilgang til konsertområdet utanom vaktida den dagen
- Har du to vakter får du i tillegg til tilgang til konsertområdet utanom vaktida, også tilgang til konsertområdet den tredje dagen  
Vaktid torsdag, fredag og laurdag: kl 1800-2330

## ARMBAND

Alle som er på festivalområdet skal ha armband. Også frivillige. Som frivillig får du armband for den aktuelle vakt dagen når du møter til vaktregistrering. Har du vakt to eller tre dagar, får du nytt dagsband kvar dag. Viss du skal slå saman dagsbilletter til pass, og dagsbilletter og camptilgang til pass+camp, ordnar du det i skranken i FRIVILLIG/AKKREDITERING. Dette kan ikkje ordnast på baseområdet under sjølve vaktskifta.

Er du frivillig for eit lag som får betalt for dugnadsjobben, får du eige frivilligband som skal brukast berre når du er på vakt. Ein får ikkje både lagsbetaling og gratis festivaltilgang.

Om du vil inn på festivalområdet som publikummar før du skal på vakt, melder du deg i skranken i FRIVILLIG/AKKREDITERING for å få armband. Bruk festivalinngangen når du ikkje har vakt, personalinngangen skal berre brukast når du er på vakt.

## OPNINGSTIDER KONSERTOMRÅDET:

Torsdag kl 1630-0100 | Fredag kl 1630-0100 | Laurdag kl 1500-0100

## PARKERING:

Vi oppmodar alle om å parkere i nordre del av sentrum; ved Eid idrettshus og på offentlege parkeringsplassar i dette området. Her er det godt med plass og berre få minutt å gå til festivalområdet. Det er avgrensa med parkeringsplassar i nærleiken av Malakoff.

Har du anledning til å sykle eller gå til festivalområdet, er det supert. Sykkelstativ blir sett opp.

## ARBEIDSANTREKK:

Alle frivillige får utdelt vest (og forkle i mat/kiosk) når du kjem på vaktregistrering. Arbeidsantrekket skal leverast inn når du går av vakt.

## ID-KORT:

Alle frivillige får utdelt ID-kort som skal brukast når ein er på vakt, og leverast inn etterpå.

## GARDEROBE:

Som frivillig miljøvakt, barpersonell og kioskpersonell kan du bruke basestasjonen for ditt område som garderobe medan du er på vakt.

## T-SKJORTE:



Festival-t-skjorte hentar du i FRIVILLIG/AKKREDITERING når du kjem på vakt, eller før festivalen i Kulturhuset Gamlebanken kl 10-15 måndag-laurdag. Frivillig-t-skjorta er ei gåve til deg frå Malakoff, du kan gjerne bruke andre kle som arbeidsantrekk når du jobbar!

## TRYGGLEIK:

Malakoff ønskjer at alle skal ha trygge og gode opplevingar på festivalen, om dei er gjestar, aktørar eller frivillige. Vi har ein vaktstyrke med frivilligvakter, innleigd vaktsselskap Protect og politi. Desse har eit spesielt fokus på tryggleik, men det er vårt felles ansvar at alle har det trygt og godt. Kontakt din næraste leiar, operasjonsentral eller uniformert vakt, om du opplever eller ser noko som er farleg eller på annan måte uheldbart.

## FØRSTEHJELP:

Eid Røde Kors Hjelpekorps er til stades på festivalen. Dei held til i og ved Valhall, i enden av grassletta utanfor inngangen til festivalområdet og festivalcampen. Treng du hjelp? Gå dit eller ta kontakt med ein av festivalvaktene.

## TA VARE PÅ HØRSELEN DIN:

Øyrepropper er tilgjengelege for deg som er på vakt. Publikum kan få øyrepropper på standen til vår generalsponsor Sparebanken Sogn og Fjordane. Publikum kan kjøpe hørselsvern til barn i rockestæsj-teltet midt på festivalområdet.

## AVFALL:

Vi har eit felles ansvar for at det er reint, ryddig og triveleg på Malakoff. Ser du avfall på bakken, plukk det opp og kast det på rett stad. Avfallspunkt er lett tilgjengelege ved inngangsparti, toalett og elles på stasjonane. Ser du sekkar som er fulle, byt dei ut og kast dei i riktig kontainar ved «telebygget».

## CAMP OG OVERNATTING:

Frivillige kan kjøpe camptilgang på [www.malakoff.no](http://www.malakoff.no). Camptilgang torsdag-laurdag krev festivalpass alle tre dagane, camptilgang fredag-laurdag krev fredagsbillett og laurdagsbillett. Du kan kjøpe dagsbillett på [www.malakoff.no](http://www.malakoff.no) for dag(ar) du eventuelt manglar.

Om du skal slå saman dagsbillettar og kjøpt camptilgang til pass+camp for å få tilgang til campen, ordnar du det i skranken i FRIVILLIG/AKKREDITERING. Dette kan ikkje ordnast på baseområdet under sjølve vaktskifta.

Teltplass, lavvo, containerhus og kartent må kjøpast i tillegg. Les meir om overnattingstilboda her: [www.malakoff.no/camp](http://www.malakoff.no/camp).

## GENERELL INFORMASJON:

[www.malakoff.no/info/informasjon](http://www.malakoff.no/info/informasjon)

### Transport

- Sjekk [www.skyss.no](http://www.skyss.no) for offentleg transport
- På [www.nordfjord.no](http://www.nordfjord.no) finn du ymse reiseinformasjon
- **Trygt heim** med buss for 150 kroner kl 01.30 både torsdag, fredag og laurdag frå Eid rutebilstasjon til Måløy, Selje/Stadlandet, Volda/Ørsta, Stryn, Hornindal/Stryn, Sandane, Skei, Førde, Florø, Sogndal.



### Mat og drikke

Det er ikkje tillate å ta med seg mat og drikke inn på festivalområdet, men det blir servert eit godt utval av vått og tørt, som til dømes rockeburger, pølse, pommes frites, svele, bollar og bakst, malakaffi, mineralvatn og barvarer. På campen er det tre matvogner, og Aske har matstand på festivalområdet. Alle har tilbod om vegan- og vegetarmat, samt glutenfritt.

## Aldersgrenser

Det er inga aldersgrense på festivalområdet, og barn under 12 år går gratis i følge med ein vaksen. Festivalområdet har eigne barområde med 18 års aldersgrense. På campen er det 18 års aldersgrense. Hugs legitimasjon!

## Kontantlaus festival

Det er ikkje mogleg å betale med kontantar på festivalområdet og på festivalcampen.

## Ikkje tillate på konsertområdet:

- Medbrakt mat og drikke
- Grill/anna påtenningsutstyr
- Skarpe gjenstandar, t.d. paraply
- Campingutstyr (telt, stolar, luftsofa osv.)
- Hund eller andre husdyr
- Video- eller lydopptaksutstyr
- Speilreflekskamera
- Selfiestang
- Flasker og termosar
- Gjenstandar forbode etter norsk lov

Vaktene kan nekte publikum å ta med gjenstandar dei vurderer kan vere ein risiko inne på festivalområdet, men dei kan også utvise skjønn om nokon har spesielle behov.

## Ikkje tillate på campområdet:

- Partytelt
- Grill
- 0-toleranse for narkotika. Politiet gjennomfører kontroll
- Parasoll
- Glasflasker
- Gassflasker
- Aggregat
- Møblar
- Kniv, våpen
- Dyr
- Gjenstandar forbode etter norsk lov

Vaktene kan nekte publikum å ta med gjenstandar dei vurderer kan vere ein risiko inne på campområdet, men dei kan også utvise skjønn om nokon har spesielle behov.

Meir campinfo: [www.malakoff.no/camp](http://www.malakoff.no/camp)

## Hittegods:

*Funne på camp:* Campinngang ved Valhall

*Funne på konsertområdet:* I rockestæsj-teltet i opningstida til festivalen

*Finn du tapt gods,* lever i rockestæsj-teltet, campinngangen eller frivillig/akkreditering

*Etter festivalen,* frå måndag 24. juli, kan du kontakte Turistinformasjonen i Kulturhuset

Gamlebanken for spørsmål om hittegods. Alle kort/sertifikat vert innleverte på Stad

lensmannskontor på Nordfjordeid måndag 24. juli.

## PROGRAM & SPELETIDER:



### TORS DAG 21. JULI

17:00	<b>KJARTAN LAURITZEN</b>	MALAKOFF
17:50	<b>BRENN</b>	AMFI
18:35	<b>TIM VOILHAT</b>	LAVVO
19:15	<b>TURNSTILE (us)</b>	MALAKOFF
20:20	<b>HONNINGBARN</b>	AMFI
21:10	<b>VERONICA MAGGIO (se)</b>	MALAKOFF
22:15	<b>MURDER MAIDS</b>	LAVVO
22:50	<b>IDLES (uk)</b>	AMFI
00:00	<b>TRIPPIE REDD (us)</b>	MALAKOFF

### FREDAG 22. JULI

16:45	<b>SLOMOSA</b>	LAVVO
17:20	<b>ERLEND ROPSTAD</b>	MALAKOFF
18:10	<b>POLKABJØRN &amp; KLEINE HEINE</b>	AMFI
19:00	<b>KURT NILSEN</b>	MALAKOFF
20:20	<b>DAUFØDT</b>	LAVVO
20:55	<b>METTESON</b>	AMFI
21:45	<b>GABRIELLE</b>	MALAKOFF
22:50	<b>FRANK CARTER &amp; THE RATTLESNAKES (uk)</b>	AMFI
00:00	<b>KVELERTAK</b>	MALAKOFF

### LAURDAG 23. JULI

15:20	<b>SVELENE</b>	LAVVO
16:05	<b>SKAMBANKT</b>	AMFI
17:00	<b>RAMÓN</b>	MALAKOFF
17:50	<b>SPIDERGAWD</b>	AMFI
18:40	<b>TIMBUKTU &amp; DAMN! (se)</b>	MALAKOFF
19:45	<b>JACKBOW</b>	AMFI
20:35	<b>ÅRABROT</b>	LAVVO
21:15	<b>CLUTCH (us)</b>	MALAKOFF
22:25	<b>SLOWTHAI (uk)</b>	AMFI
23:35	<b>SONDRE JUSTAD</b>	MALAKOFF

